



Vang kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:

LAJMAG-2022000142 -26

Arkiv:

K2-S11

Vår dato:

28.03.2025

Høyringsfråsegn saksnr 201107642 Føsseberge kraftverk Vang kommune

Høyringsfråsegn frå Vang kommune(org.nr. 961 382 246) til saksnr. 201107642 – *Planendringssøknad Føsseberge kraftverk.*

Høyringsmerknad fylgjer nedanfor(frå side 3 i dette dokumentet) og som vedlegg.

Kommunestyret har i møte 20.03.2025 09:00, 020/25 fatta følgjande vedtak:

«Vang kommune ber NVE ta vurderinga ovanfor til etterretning og at NVE set tydlege krav til søkjar om eit høgare kunnskapsgrunnlag før NVE tek stilling til utviding av vassdragskonsesjonen. Vang kommune tilrår primært at det ikkje blir gjeve utvida konsesjon med forlenga utløpskanal med bakgrunn i stort sannsyn for negative konsekvensar for naturmangfaldet i Tveitahølen, fiskevandring på strekninga, landskapsbilete og friluftsliv/rekreasjon. Kunnskapsgrunnlag må på plass for vannstrøm fra kraftverkets utløp. Dette siden det vil medføre en vannstrøm som kan påvirke løsmasser i området og konstruksjon/bru.»

Ved vedtak i kommunestyret vart det lagt inn ein tillegg til vedtak(siste avsnitt) om kunnskapsgrunnlag for endra vasstraum. Ved at store delar av elvestraumen vil få endra utløpsvinkel, mellom anna med tanke på Tveit bru(E16) og potensielle utgravingar, bør saka sendast til Statens Vegvesen til uttale.

NVE bør og på prinsipielt grunnlag ta stilling til om forlenging av utløpskanalen, utviding av influensområde og auke i produksjonen med 1,6 GWh er i samsvar med føresetnadane for opphøveleg vassdragskonsesjon.

Til orientering gav Vang kommune avslag på søknad om dispensasjon i sak KS—019/25 til etablering av Føsseberge kraftverk. Sjå link til saka med vedlegg.

https://www.vang.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2022034500&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=270&

Med helsing

Magnus Lajord

Arealplanleggjar

Dir. tf.: 948 84 972

E-post: Magnus.lajord@vang.kommune.no Magnus.lajord@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til

Geir Endre Rogn

Håvard Rogn Tveit

Innlandet fylkeskommune

Tørpegardsvegen 23

Tveitaronvegen 4

Postboks 4404

Bedriftssenteret

2973

2973

2325

RYFOSS

RYFOSS

HAMAR

Kenneth Sjøholt

Mattias Kullberg

Nils Rogn

Rune Rødningen

Statsforvalteren i Innlandet

Tord Solvang

Postboks 987

Postboks 5091 Majorstua

2604

0301

LILLEHAMMER

OSLO

Vedlegg

Føsseberge kraftverk - uttale til søknad om planendring

Vedlegg 3 Fuglar i Tveitahølen

269194

269334

28.03.2025

28.03.2025



Vang kommune

ArkivSakID: 22/142
JournalpostID: 25/1948
ArkivID: K2-S11
Saksbehandlar: Magnus Lajord

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/25	Kommunestyret	20.03.2025

Føsseberge kraftverk - uttale til søknad om planendring

Vedlegg:

13.03.2025	Vedlegg 1 Brev NVE - høyring	269332
13.03.2025	Vedlegg 2 Planendringssøknad med vedlegg	269333
13.03.2025	Vedlegg 3 Fuglar i Tveitahølen	269334

Saksopplysningar

I brev(vedlegg 1) frå Norges vassdrags- og energidirektorat(NVE), datert 11.02.2025, ber NVE om uttale frå Vang kommune til søknad frå Clemens Kraft AS om planendring av Føsseberge kraftverk. NVE ynskjer synspunkt på endringa, altså forlenginga av utløpskanalen ved den planlagde kraftstasjonen, forslag til avgrensingar og eventuelt konsekvensreducerande tiltak. NVE ynskjer og attendemelding på om det er fleire enn dei som ligg på mottakarlista(sjå nedst på vedlegg 1) som bør få anledning til å uttale seg.

Søknaden(vedlegg 2) går i korte trekk ut på å senke kraftstasjonen med to meter for å auke kraftproduksjonen med om lag 1,6GWh(frå16,8GWh til 18,4GWh). Ved å senke kraftstasjonen må utløpskanalen forlengast med 220 meter nedover elveløpet for å få tilstrekkeleg fall, noko som inneber at utløpet av Laglimsbekken blir lagt inn i den opne utløpskanalen. Tiltaket vil medføre at om lag 1,5daa dyrka mark vil gå med til etablering av utløpskanalen og planlagt tilkomstveg(sjå illustrasjon over tiltaket nedanfor).



Særsilt relevante vedlegg til søknaden er:

- *Vurdering av terrestrisk biologisk mangfold – Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser – side 67. i vedlegg 2 (Spikkeland var og forfatter av rapporten som Rådgivende Biologer AS som gjennomførte kartleggingar i 2009-2011).*
- *Vurdering av fiskevandring ved nytt løp – Dr. Techn. Olav Olsen AS – side 87 i vedlegg 2*

Vurdering

Brev frå NVE

NVE vurderer det til at saka ikkje er så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er naudsynt. Med bakgrunn i alderen på både kunnskapsgrunnlag og vassdragskonsesjon meiner Vang kommune at NVE likevel bør gjennomføre ei fullverdig kunngjering og offentleg høyring, og ikkje berre sende ut til dei som tidlegare har uttala seg til saka. I tillegg til nemnde i mottakarlista bør mellom anna lokale reiselivs- og overnattingsbedrifter i Vang få uttale seg, Vang turlag/DNT Valdres, Vang jeger og fiskarlag, m.fl. Lokale og tilreisande fiskarar bør og få høve til å uttale seg.

Vurdering av søknaden

Søknaden frå Clemens Kraft AS til NVE skal innehalde tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og greie ut om konsekvensane av tiltaket. Konsekvensutgreiinga baserer seg i stor grad på tidlegare kartleggingar som vart utarbeidd i samband med søknad om vassdragskonsesjon (Rådgivende Biologer AS april 2015), notat frå Norconsult (januar 2016) og siste frå Ole Kristian Spikkestad Naturundersøkelser som gjennomførte feltarbeid 5. september 2024.

Vang kommune vil innleiingsvis syne til notatet frå Norconsult som vart utarbeidd i etterkant av at Vang kommune ikkje ville tilrå at det vart gjeve vassdragskonsesjon (sak KS-044/15) og at Fylkesmannen i Innlandet (no Statsforvalteren i Innlandet) fremma motsegn til konsesjonen i brev datert 19.08.2015. Det var vurderingane i notatet frå Norconsult som gjorde at Vang kommune endra

si tilråding til konsesjon(sak KS-10/16) og som låg til grunn for at Fylkesmannen trekte sitt motsegn i brev datert 29.02.2016 gitt fleire føresetnadar.

Vang kommune vil minne NVE om at dei fiskefaglege vurderingane i notatet baserer seg på ei «skjønnsmessig vurdering» då det føreligg få fysiske kartleggingar av fisken på den røde strekninga. Dei undersøkingane som er gjort vart gjennomført på 80-talet. 40 år gamal kunnskap er etter Vang kommune si vurdering ikkje tilstrekkeleg for å sikre tilfredsstillande vurderingar i dag etter naturmangfaldlova § 8-12.

Notatet til Norconsult presiserer og behovet for ei auke i kunnskapsnivået og tilrår fylgjande vidare utgreiingar:

«Det er behov for vidare utredningar for å rette riktige tiltak og rette riktig utforming av tiltak i forbindelse med etablering av kraftverket. Det er også viktig å etablere en «før» status på situasjonen på strekningen sammen med referansestasjoner. Fylkesmannen har i sine uttalelse bedt om mer utfyllende opplysninger ved oppfølgende undersøkelse (FMO 2015, Norconsult 2015). Det konkretiseres da undersøkelse av gytefisk og egen spørreundersøkelse av fiskere.

I forbindelse med kunnskapsbehov anbefales:

- *Kartlegging av ungfiskebestand før utbygging*
- *Kartlegging av gytefisk*
- *Kartlegging av fiskehabitat (bonitering) og gyteområder*
- *Radiomerking eller pit-tagmerking av gytefisk*
- *Detaljerende undersøkelser for tilpassning av fiskevandringstiltak og sperrer»*

Vang kommune kan ikkje sjå dokumentasjon på at ovannemnde kartleggingar er gjennomført, og at ein har tileigna seg tilstrekkeleg kunnskap for å fatte ei endeleg avgjerd på søknad om utvida vassdragskonsesjon.

NVE må sette krav til Clemens Kraft AS om gjennomføring av kartleggingane som Norconsult tilrår i sitt notat. Vassdraget har sidan konsesjonen vart gjeven vorte påverka av mellom anna fleire vegutbyggingar, og bruken av vassdraget til fiske, friluftslivs og rekreasjon har endra seg. Mellom anna hadde Rogn Camping 2000 gjestedøgn i 2024, mot om lag 100 i 2015. Ein del av desse kan ein nok relatere til auka interesse for fiske i Storåne. Per dags dato har ein ikkje status på ungfiskebestand, gytefisk, fiskehabitat og gyteområde, brukarundersøkingar, mv., noko som bør ligge til grunn for vurderinga som NVE skal gjennomføre.

Endring av vassdraget

I søknaden blir det lagt til grunn at utbygginga vil ha *små negative* konsekvensar for naturverdiar, miljø og samfunn. Med eksisterande kunnskapsgrunnlag meiner Vang kommune at Clemens Kraft AS ikkje har grunnlag for å trekke ein slik slutning.

Søklar legg til grunn at det er positivt at Begna allereie er eit regulert vassdrag. Vang kommune vil påpeike at det som er positivt ved at Begnavassdraget (les: Vangsmjøsa) er regulert er at ein kan få produsert meir vinterkraft. For naturmangfaldet for øvrig vil sterkt redusert vassføring i potensielt 1,7 km av elva medføre ytterlegare negative konsekvensar for fugl, fisk og andre artar som har sitt økologiske leveområde i vassdraget. I vinterhalvåret vil mellom anna vassdraget i snitt få 80 prosent redusert vassføring – frå i snitt 13m³/s til 2,15m³/s.

Søklar legg til grunn at fiskevandringa i mindre grad vil bli påverka ved etablering av avbøtande tiltak. Dei avbøtande tiltaka er i hovudsak minstevassføring(jf. konsesjonsvilkår) og etablering av ledevoll

for å sikre vass-sirkulasjon frå Storåne og inn til Tveitahølen som er naudsynt for å oppretthalde økologisk og hydrologisk funksjon. Vang kommune presiserer at dette er eit særskilt viktig tiltak, men at det må til meir kunnskap for å kunne si noko om storleiken og lengda på denne «ledevollen», og at dette eventuelt må presiserast tydeleg frå NVE. Sjå dei to bileta nedanfor som syner inngangen til Tveitahølen frå to ulike vinklar.



Figur 17: Eksisterende inntak ved Tveitahølen nederst til høyre. Vannføring er beregnet til ca. 19 m³/s. Foto 22.05. 2024, tatt fra nordøst mot sørvest. I bakgrunnen Storåne og E16. Lenast til høvre gårdsvei som skal legges om.



I søknaden ligg det ved bilete som syner elva når denne har ei vassføring på 6 m³/s (sjå nedanfor).

Kommunen kan ikkje sjå at det føreligg dokumentasjon på at dette er den reelle vassføringa på tidspunktet bileta vart take og ber NVE om at Clemens Kraft AS legg fram slik dokumentasjon dersom illustrasjonane skal ha reell verdi.

Storåne (kote 429-427) 17. september 2009: 6 m³/s



Storåne (kote 429-427) 17. september 2009: 6 m³/s



Ein ledevoll er eit viktig avbøtande tiltak saman med kunnskap om korleis elva vil sjå ut ved reell minstevassføring på hhv. 2,15 m³/s, 2,6 m³/s og 4 m³/s. På delar av den røde strekninga er elva over 55 meter brei. Vang kommune vil tilrå at NVE sett krav om at kunnskap og illustrasjonar om korleis elva vil sjå ut, og elvestraumen gå, ved minstevassføring på 2,15 m³/s vinterstid og 4 m³/s sumarstid, før det eventuelt blir gjeve utvida vassdragskonsesjon. Det er fyrst når ein har denne kunnskapen på plass at ein korrekt kan dimensjonere høgda og lengda på ein ledevoll som skal sikre sirkulasjon i vatnet ved, og til, Tveitahølen. Då store delar av elvastrekinga vil kunne fryse til ved lange kuldeperiodar vinterstid og 2,15m³/s i vassføring er det viktig at ein får vurdert, og sett krav om, ytterlegare tiltak i elva på denne strekninga for å sikre fiskevandring året gjennom.



Vang kommune ber NVE sikre ytterlegare kartleggingar og kunnskap om Tveitahølen. Dette blir eit stadig viktigare våtmarksområde der ein frå tid til anna oppdagar nye artar. No siste er observasjon av Oter. Sjå elles vedlagt liste(vedlegg 3). Ein dag med feltarbeid(5. sept. 2024) er ikkje tilstrekkeleg som kunnskapsgrunnlag og i tidlegare kartleggingar og notat har ikkje Tveitahølen fått tilstrekkeleg merksemd.

Bekkar som renn ut i større fiskevandrande elver kan vera viktige økologiske funksjonsområde - både for gyting, mattilgang og oppvekstområde for ungfisk. Bilete nedanfor er frå Laglimsbekken som i dag renn direkte ut i Storåne. Denne er planlagt lagt rett ut i utløpskanalen og vil potensielt ikkje lenger utgjera eit økologisk funksjonsområde for stadbunden fisk. Vang kommune ber NVE sikre at det blir gjennomført tilstrekkelege kartleggingar og gjennomført ei fiskefagleg vurdering *før* det eventuelt blir gjeve utvida konsesjon, då slik kunnskap ikkje ligg ved søknaden.



For fiske, friluftsliv og rekreasjon blir det lagt til grunn at konsesjonsvilkåra med minstevassføring som vart fastsett i 2016 er tilstrekkeleg for å sikre desse interessene. I arbeidet med søknad om dispensasjon går det fram at både fiske og friluftsliv vil bli sterkt påverka. Mellom anna vil minstevassføring ikkje vera tilstrekkeleg for å sikre passasje for raftingbåt. For dei som padlar vil og elva få redusert attraktivitet. På omtala strekning er elva opp til 55 meter brei. Minstevassføring, eller det som vil bli ny normalvassføring gjennom store delar av året, vil klart redusere utøving av denne type rekreasjon og aktivitet. Vang kommune ber NVE om at Clemens Kraft AS legg fram dokumentasjon på at fisk, fiske og vassrelatert friluftsliv vil bli sikra tilstrekkeleg ved ei forlenging av utløpskanalen. Mellom anna bør det gjennomførast brukarundersøkingar som ein del av dette kunnskapsgrunnlaget.

Resultatet av redusert vassføring på denne strekninga vil gje særskilt utslag på landskapsbiletet (sjå bilete nedanfor). Dette då det på denne strekninga ikkje er nokre «vasspegjar» og kulpar, men jamt over rennande vatn. Minstevassføring på denne strekninga vil difor gje store utslag og ei redusert oppleving for alle som særskilt ferdast vestover på E16.



Ein open utløpskanal på over 400 meter, langsmed ei elv som har sterkt redusert vassføring, vil samla sett gje eit svært synleg fysisk inngrep i vassdraget og med det endre opplevinga av område og landskapsbiletet. Om lag midt i biletet ovanfor vil og vassmengder lik 18 m³/s bli ført inn at i elva frå dei planlagde utløpsrøyra. Dette vil forsterke biletet av eit sterkt regulert vassdrag. NVE må i langt større grad stille krav om reelle teikningar og utarbeiding av bindande illustrasjonar av korleis eit slik tiltak vil bli utsjåande.

Det vil gå med noko dyrka mark, men det blir sett krav om at matjorda blir teke vare på og nytta andre stader til arrondering/utbetring av anna jordveg. Jordvegen vil framleis få ei relativt god arrondering ned mot ny tilkomstveg. Vang kommune presiserer at NVE bør sette tydelege krav i ein eventuell konsesjon for å sikre vidare bruk av matjorda på same gard som mister areal. Antall kvadratmeter dyrka mark på gnr 90 bnr 15 må i så fall ikkje bli redusert som følge av tiltaket.

Samla vurdering

Ytterlegare regulering av Storåne vil med stort sannsyn påverke vassdraget, naturmangfaldet, landskapsbiletet og ulike brukarinteresser negativt. Vang kommune meiner at kunnskapsgrunnlaget som ligg ved søknaden ikkje er tilstrekkeleg til å fatte ei avgjerd om utvida konsesjon, og ber NVE ta merknadane frå Vang kommune til etterretning. Dersom NVE vurderer å gje konsesjon, bør søkjar bør og etter Vang kommune si vurdering utarbeide langt fleire tverrsnitt og bindande illustrasjonar av tiltaket.

Det er planlagt oppfylgjande kartleggingar og undersøkingar mtp. fiskevandring *etter* at tiltaket er etablert. Dette er bra og NVE må sikre at dette eventuelt blir sett som vilkår i ein utvida konsesjon. Det er likevel krevjande å kartlegge funksjonen av eit tiltak når ein ikkje har kunnskap om gjeldande status/no-situasjonen.

Clemens Kraft AS konkluderer i sin søknad om at samla konsekvens vil vera «beskjedne». Vang kommune meiner søknaden i stor grad underkommuniserer dei reelle konsekvensane av forlenga utløpskanal og ber om at NVE som vassdragsmyndigheit sikrar eit tilstrekkeleg kunnskaps- og avgjerdsgrunnlag før NVE vurderer søknad om utvida konsesjon på nytt med ny fullverdig høyring og offentleg ettersyn.

Framlegg til vedtak

Vang kommune ber NVE ta vurderinga ovanfor til etterretning og at NVE set tydelege krav til søkjar om eit høgare kunnskapsgrunnlag før NVE tek stilling til utviding av vassdragskonsesjonen. Vang kommune tilrår primært at det ikkje blir gjeve utvida konsesjon med forlenga utløpskanal med bakgrunn i stort sannsyn for negative konsekvensar for naturmangfaldet i Tveitahølen, fiskevandring på strekninga, landskapsbilete og friluftsliv/rekreasjon.

Kommunestyret 20.03.2025:

Behandling:

Tillegg til vedtak:, fremja av Steinar Frøyen, Arbeiderpartiet

Kunnskapsgrunnlag må på plass for vannstrøm fra kraftverkets utløp. Dette siden det vil medføre en vannstrøm som kan påvirke løsmasser i området og konstruksjon/bru.

Framlegg til vedtak: Vedteke med 3 stemmer mot, Asgrim Opdal, BIV, Leif Solemsli, BIV, Jon Helge Solemsli BIV.

Tillegg til framlegg til vedtak: Samrøyses vedteke

KS- 020/25 Vedtak:

Vang kommune ber NVE ta vurderinga ovanfor til etterretning og at NVE set tydlege krav til søkjar om eit høgare kunnskapsgrunnlag før NVE tek stilling til utviding av vassdragskonsesjonen. Vang kommune tilrår primært at det ikkje blir gjeve utvida konsesjon med forlenga utløpskanal med bakgrunn i stort sannsyn for negative konsekvensar for naturmangfaldet i Tveitahølen, fiskevandring på strekninga, landskapsbilete og friluftsliv/rekreasjon.

Kunnskapsgrunnlag må på plass for vannstrøm fra kraftverkets utløp. Dette siden det vil medføre en vannstrøm som kan påvirke løsmasser i området og konstruksjon/bru.